

Regional areal- og transport- plan for Bergensområdet

Oppdatert 27.01.15

Oppfølging av styringsgruppa sitt møte 23.01.2015.

UTKAST

1 Overordna mål og strategiar

1.1 Overordna mål

Overordna mål:

Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion.

Utbyggingsmønster og transportsystem skal gje effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur.

Det skal vere ein god fordeling av bustader og arbeidsplassar i Bergensområdet.

UTKAS

2 Senterstruktur og utbyggingsmønster

2.1 Mål

Mål:

Bergensområdet skal ha ein fleirkjerna senterstruktur med sjølvforsynte senter i samsvar med definert senterhierarki.

Hovudtyngda av veksten i arbeidsplassar og bustader skal kome innanfor definerte vekstsoner

Delmål

Det skal vere høg utnytting i sentrumsnære område og langs prioriterte kollektivaksar.

UTK

3 Regionalt transportsystem

3.1 Mål

Mål

Bergensområdet skal ha eit effektivt transportsystem som gir miljøvenleg og trygg transport, god mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål.

Delmål

Kollektivtransporten skal dimensjonerast for ein andel av alle reiser på minimum 16 %.

Infrastruktur for gåande skal bli prioritert innanfor vekstsonene og knytt til grunnskular.

Sykkelinfrastrukturen skal dimensjonerast for ein andel av alle reiser på minimum 8 %.

Veginfrastrukturen skal leggje til rette for effektiv og sikker framkome for nærings- og tenestetransport og kollektivtransport.

4 Bustadområde

4.1 Mål

Mål

Bergensområdet skal ha attraktive og gunstig lokaliserte areal til bustad som dekker eit langsiktig behov.

Delmål

Alle delar av Bergensområdet skal ha eit balansert tilbod av bustader av ulik type og storleik for å dekke behovet for alle hushaldstypar og livsfasar.

Større bustadområde skal i hovudsak vere sikra nærleik til sosial infrastruktur og tilgang til leike- og grøntareal.

Nye bustadområde skal planleggast slik at dei har grunnlag for god kollektivdekning.

UTKAST

5 Næringsareal og arbeidsplassar

5.1 Mål

Mål

Bergensområdet skal ha attraktive og gunstig lokaliserte næringsareal som dekker eit langsiktig behov.

Delmål

Det skal vere vekst i arbeidsplassar og næringsareal i alle deler av Bergensområdet.

Nye næringsareal skal lokaliserast på ein eigna måte i forhold til transportinfrastruktur og senterstruktur.

Alle næringsareal skal vere arealeffektive.

UTKAST

6 Natur, kulturmiljø og landskap

6.1 Mål

Mål

Alt 1 (opprinneleg forslag)

Utbygging i Bergensområdet skal i så liten grad som rå føre til nedbygging av, eller redusere verdien av viktige areal for naturmangfald, landbruk, landskap, friluftsliv og kulturmiljø.

Alt.2

Utbygging i Bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landbruk og landskap, og legge til rette for bruk av kulturmiljø og natur og aktivt friluftsliv.

Alt.3

Områder med viktige verdier for landbruk, landskap, natur- og kulturmiljø skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv og det skal bli lagt til rette for aktiv bruk.

Alt.4

Utbygging i Bergensområdet skal ta omsyn til områder med viktige verdier for landbruk, landskap, natur- og kulturmiljø som forvaltast i eit langsiktig perspektiv og legge til rette for aktiv bruk.

Delmål

Det skal bli lagt til rette for aktiv bruk av natur-, kulturmiljø, landskap og fri-